



GUTTEN I DEN STRIPETE PYJAMASEN

av John Boyne

på 9. trinn • May Kristin Bø Haugland

Presentasjon

Denne boka har ein tittel som kan verka nokså meiningslaus og rar: *Gutten i den stripete pyjamasen*. Framsida med horisontale striper i blått og grått seier oss også lite ved første augekast. Lettare blir det heller ikkje når ein som lesar snur boka og ikkje får vita så mykje anna enn at forfattaren ynskjer deg velkommen inn i ei historie som han slett ikkje har tenkt å fortelja deg så mykje om på førehand. Det er rett og slett opp til lesaren å fabulera undervegs og trekkja konklusjonar for handlinga. Slik er dette er ei bok som innbyr til lesaren si eiga undring. Handlinga i boka er lagt til Berlin under 2. verdskrig. Boka startar med å gje oss eit møte med Bruno, ein gut på 9 år. Han er som gutar flest på denne alderen oppteken av vener og skule, den nære verda rundt seg. Mora til Bruno er heime, medan faren hans har ein svært viktig jobb med tilhøyrande flott uniform. Bruno bur i eit stort og fint hus i Berlin. I huset er det mange rom og mykje å finna på for ein aktiv gut med fantasien i orden. Ein dag då Bruno kjem heim frå skulen finn han Maria, som er hushjelp, i ferd med å pakka alle tinga hans. Forferda over dette blir Bruno både sint og fortvila. Men far har fått ny jobb, dei skal flytta frå byen, her er ingenting å diskutere for alle skal reise. Og reisa går til Auschwitz der faren er kommandant i konsentrasjonsleiren. Bruno tykkjer den nye staden er trist samanlikna med Berlin, og han gir den nye staden namnet Alt Trist.

I Alt Trist får Bruno ein god ven som heiter Shmuel. Han er ein gut på hans eigen alder som bur på den andre sida av gjerdet og som får ha på seg pyjamas heile dagen, noko Bruno godt kunne tenkja seg i staden for stive sko og

stramme klede. Dei har eit fast møtepunkt ved gjerdet der dei kan snakka saman og dyrka venskapen i fred. Ein dag har Bruno, som er ein ivrig oppdagingsreisande, sagt ja til å vere med under gjerdet og inn i venen si verd for å leita etter faren til venen, som er forsvunnen. Bruno har fått låne pyjamas og tek av seg sine egne klede ved gjerdet. Han smett under den vesle opninga og dei to venene legg ut på leiting. Då bles det i fløytene, og dei blir ringa inn og drivne av garde av SS-soldatar, saman med dei andre i pyjamasar. Det er regn i lufta og Bruno er glad for at dei kjem i hus bak lukka dører slik at han ikkje blir blaut og forkjøla. Bruno og Shmuel blir gassa i hel. Så hjarterått endar historia om Bruno.

Heile historia er fortalt ut frå Bruno sin synsstad. Det er nett i kontrasten mellom den grufulle vaksenverda og Bruno sitt barnlege og naive sinn at dette blir ei sterk forteljing.

Boka i bruk

Etter å ha lese denne boka på 173 sider blei eg gripen som lesar. Det er ikkje ofte at ein i litteraturen møter dette emnet frå denne vinkelen. Elevane på 9. trinn avslutta på denne tida 2. verdskrig og Holocaust i historie. Dessutan var dei i ferd med å førebu ein 8-dagars studietur til Polen og Tyskland i starten på 10. trinn, der nettopp dette var emnet, og der deira møte med Auschwitz og andre leirar ville verta verkeleg.

Målet med å bruka boka var å få ein annan og ny innfallsvinkel til temaet og ikkje minst det å få betre innblikk i born og ein tysk soldatfamilie sitt møte med 2. verdskrig. Leseopplevingar er viktige også på ungdomstrinnet, og på tampen av skuleåret såg eg høvet til å gje dei refleksjon om desse historiske hendingane på ein annan måte, gjennom skjønnlitteratur og ikkje berre faglitteratur. Å laga eit omfattande opplegg med analysar og bokrapportar såg eg ikkje behovet for. Heller ville eg la elevane lytta og grubla over det som møtte dei i teksten. Derfor la eg opp til at det ikkje skulle skrivast lange loggar eller djuptgåande analysar. Av og til er det best å berre la boka få vere bok og la hendingane røre deg...

Det første me gjorde, var å sjå på det spesielle bokomslaget. Eg bad dei om å skrive eit par setningar om kva dei trudde boka handla om (jf. førlesing). Enkelte kom med forslag om at det

rett og slett var ein gut som måtte gå i pyjamas. Andre la til at det nok kanskje var ein redd gut. Ein elev kommenterte tittelen som oppsiktsvekkjande. Etter dette las eg bokomtalen bak på boka og bad dei leggja til ny informasjon om det var naudsynt. Enkelte la til endringar i tankane sine og sa til dømes at dette nok handla om ein gut i fengsel, der han sat og var redd saman med bamsen sin. Kanskje han var ein flykting? Eg orienterte elevane om at dette ville ikkje bli lesing med mykje etterarbeid, men med refleksjonsarbeid og utforsking undervegs. Etter leseøktene brukte me nokre minutt til å notera setningar om det dei hadde registrert. Til dette brukte elevane ein dialoglogg. Dei fekk 14 ulike måtar å laga ei personleg tilnærming til det dei hadde høyrte (startarar jf s.). Eksempel på desse er: Då eg lytta la eg merke til, eg blei irritert over, eg likte godt at, det gjorde inntrykk på meg at, eg forsto ikkje kvifor osb. Dei fekk sjølve velja kva for ein startar dei ville bruka, og der var ikkje føringar for kor langt dei måtte skriva. Her følger elevsitat til noko av det dei tenkte på undervegs i lyttinga.

Eg likte godt teksten. Den var open og du fekk litt opplysningar etter kvart. Når teksten er slik skriven kan du halde sinnet meir ope for kva som hender vidare. På slutten av dagens lesing fekk eg inntrykk av at boka handla om ein gut som levde under 2. verdenskrig.

Jeg ble overrasket over hva boken handlet om. Allerede etter kort tid begynte jeg å forstå at det foregikk under 2. verdenskrig. Den første pekepinnen jeg fikk var at lyset ble slått av om natta, noe som tyder på at Berlin ble bombet.

Det gjorde inntrykk på meg at dei måtte flytta ved sida av ein konsentrasjonsleir. Faren er nok ein militærmann som er veldig viktig. Stakkars ungar, Kanskje må dei og inn i leiren?

Da jeg lyttet kom jeg til å tenke på hvor utfordrende det måtte være å leve under 2. verdenskrig. Hvertfall om du var liten eller et barn og ikke forstår så mye. I tillegg er foreldrene blandet inn på en måte du ikke forstår.

Det var rart at far til Bruno sa at de ikke var mennesker.

Eg la merke til korleis Bruno undrast over pyjasmennene og ikkje forstår kvifor soldatane bestemmer over dei. Han bestemmer seg for å følgje gjerdet til han fann noko spennande.

Da jeg lyttet lurte jeg på hva faren ville svare Bruno da han spurte hvem folkene i de stripete draktene var. Det irriterer meg at faren lokker ungen sin til å si "Heil Hitler" og at ungen ikke vet hva det betyr.

Eg likte ikkje at ungane såg leiren. Eg syntes synd på dei.

Stakkars Bruno, han har det ikkje så bra. Han saknar snille folk, som for eksempel bestemora. Bestemora likte ikkje at faren til Bruno var nazist, medan bestefaren var berre stolt av det.

Det gjorde inntrykk på meg at Bruno måtte inn i gasskammeret og døydde saman med Shmuel. Faren blei teken av dei allierte sine soldatar.

Eg vart overraska over bokas slutt. Bruno og Shmuel vart gassa i hel og ingen såg Bruno igjen sidan. Bruno som var av den ariske rasen, og som nazistane meinte var så mykje betre enn jødane, enda opp i ei massegrav saman med dei. Når alt kom til alt var dei eigentleg ikkje så forskjellige.

Erfaringar:

Eg har irritert meg heile sommaren over den boka! Denne utsegna møtte meg då me starta skulen i haust. Eleven var tydeleg oppbrakt over teksten, og då eg spurte henne kva som var irriterande, sa ho at det var slutten... Rett før sommarferien avslutta me boka. Før dei siste setningane kikka eg opp på elevane og såg mange fjes som var overraska og auge som var blanke. Då kjende eg at noko av målet var nådd, å røra litt i kjenslene deira. Andre elevar på trinnet som ikkje las boka, vart nyfikne og kom med spørsmål om denne stripete pyjamasen. Kva er det boka handlar om? Det var tydeleg at elevane hadde diskutert boka og innhaldet seg imellom. Eg erfarte at elevar fekk ei positiv leseoppleving og at høgtlesing av det som nok vil bli klassifisert som ei barnebok for mange, var bra.

”Eg vil anbefale boka til både små og store. For dei små så er det ei god forteljing og for dei større er det både ei forteljing og ei bok som faktisk kan lære deg litt om 2. verdenskrig. Det at me las høgt i klassen var greitt eigentleg. Fordi om me gjekk i 9. klasse. Eg klarte å konsentrera meg betre om kva ho handla om og hørte etter i staden for å lesa sjølv. Det var litt enklare å sjå det føre meg når eg ikkje las sjølv.” Ein annan elev oppsummerer slik: ”Høytlesning var bare toppen. Jeg likte det veldig godt, det var med på å gjøre boka enda bedre. Jeg vet ikke om jeg hadde forstått boka like godt dersom jeg hadde lest den selv. Jeg anbefaler virkelig denne boka. Boka har en innvirkning og dette er noe du sitter lenge med i hodet etterpå. Det får deg til å åpne øynene dine litt ekstra. Så når vi gikk der i konsentrasjonsleirerne så tenkte jeg faktisk på Bruno og Shmuel selv om det bare var en bok vi hadde lest.” Ein annan kommentar var: ”Boka var i ei barneform og ikkje vaksenform. Difor synes eg det var kjekkare å høyra etter, då er det ikkje så vanskelege ord og forklaringar. Sterkt anbefalt.” Til slutt seier ein elev: ”Ja, jeg vil anbefale denne boken, men kanskje for de som er litt yngre, i 6. eller 7. klasse? Siden vi i 9. og 10. klasse har jobbet med 2. verdenskrig var boken lettere å forstå. Men likevel ble jeg veldig oppslukt og ville vite hva som hendte videre. Det jeg også likte med boken var at nå fikk du se krigens handlinger på en litt annen måte. Fra en liten gutts synsvinkel.”

Leseopplevinga var ulik. Enkelte elevar meinte at dei ville hatt større fagleg utbytte frå boka

om me hadde lese henne på 8. trinn eller tidlegare på 9. trinn. Dei aller fleste hadde på tidspunktet for lesing stor fagkunnskap etter grundig undervisning om emnet, og var godt orienterte. Ein lyttar seier det slik: ”Alt i alt var boka ok, men eg synest at det kjem litt for godt fram at ho er skriven for yngre lesarar. Dette kjem spesielt fram etter at me hadde hatt dette temaet over lengre tid. Hadde me lese boka eit år tidlegare trur eg langt fleire av oss hadde trengt mykje lengre tid på å forstå kva boka handla om.” ”Om jeg likte å bli lest for som 9. klassing? Det var greit nok, men jeg syntes egentlig det var litt kjedelig. Og det tok mye tid som jeg heller ville brukt til noe annet.”

Skulle høvet koma, vil eg bruka boka på 9. trinn ein gong til. Av erfaring vil eg kanskje bruka henne som introduksjon til emnet i staden for å avslutte det? Uansett var det ei fantastisk oppleving å vera i leiren saman med elevane, gå inn i barnebrakkene i Auschwitz og minne dei om Shmuel. Det var merkeleg å stå ved kommandanthuset i den same leiren og tenkje på Bruno. Alle desse lagnadene fekk ein personlegdom gjennom to gutar.